



# GJEMNES- NYTT

NR. 5

JUNI

2005

Ansvarlig redaktør..... *Nils Martin Sæther*  
Kontaktperson ..... *Ellen Randi Blakstad*



## Sentraladministrasjonen

### GJEMNES KOMMUNESTYRE

har møte i kommunestyresalen på Batnfjordsøra 28. juni 2005 kl. 13.00.

- Fastsettelse om forskrift på ny jakttid på elg og hjort
- Bygdabok- ny avtale med forfatter
- Bergsøy barnehage – skisseprosjekt 2005-
- Hovedrevisjon av budsjettet 2005
- Handlingsprogram 2006-2009
- Omgjøring av stilling som assistent til omsorgsarbeider/hjelpepleier
- Etablering av ny tjeneste – oppretting av nye stillingshjemler
- Avdeling for skole og barnehage-ny organisering

Saksdokumenta ligg til gjennomsyn i kommunehuset og på internett.

Batnfjordsøra, 15. juni 2005  
*Odd Steinar Bjerkeset*  
Ordfører

### GOD SOMMAR!

Det ser ut til at sommaren let vente på seg i år. Nysnø nedover fjella til langt ut i juni er ikkje vanleg, sjølv om mange kan hugse enkelte år med meir sommarsnø på våre kantar og.

Vi får håpe på omslag til bedre og varmare ver. Vi skulle vel ha noko til gode slik sett i år.

Så vil eg nevne nokre saker som opptek meg og sikkert fleire i kommunen.

**Songarstemnet** her den første helga i juni var ei fin oppleving. I alt 14 kor deltok med ca 350 songarar gjesta oss. Mykje fin kor-song vart framført både i kyrkjene og i Gjemneshallen på søndag. Gjemneskoret, sammen med medhjelparane sine, skal ha stor takk for at dei ville ta på seg slikt arrangement. Tilreisande kormedlemmer gav og utsyn for eit godt gjennomført stemne. Ein god reklame for kommunen.

**Fylkesvegen** i Torvikdalen blir no sluttført med legging av fast dekke. Som på andre vegar i "grusvegpakken" blir det ikkje utviding av vegen, men opprusting med eit bærerlag og fast dekke. Mange har sikkert tenkt seg ein breiare veg, men det har ikkje fylket løyvd midlar til. Målet var at alle grusvegane skal få fast dekke.

**Erikgardsbekken** i Torvikbukt blir no lagt om. Arbeidet skal starte rundt midten av juni. Det er vassdragsvesenet som skal utføre jobben. Kommunen saman med Gjøco, Høgtun og vegvesenet tek del i kostnadene.

**I Torvikbukt** skjer det utvikling på fleire andre områder og. Her blir det oppført bygg for mange millionar kroner. Hallen til Gjøco er under oppføring og viser seg godt i landskapet. Det same skjer på Høgtun. Internatbygget kom på plass i løpet av nokre dagar. Det er bra for utviklinga i kommunen at vi har verksemder og organisasjoner som er villige å satsa på modernisering og vidareutvikling.

**På Høgset** skjer det og ting innafor næringslivet. Gunnar Hyllnes og Knut Olav Bjerkeset har mange jern i ilden. Dei importerer snart alt mogeleg av varer. Som følgje av det, er dei i ferd med å kjøpe eit industriareal av kommunen til lagerbygg. Eit interessant prosjekt er som kjent campingvogna "Barkna" som blir produsert i sommar. Vogna kan brukast til motorsykkel, bil og snøscooter. Eg ønsker lykke til med nye ideer.

**I Angvik** har møbelfabrikken styrka posisjonen sin. Stompa A/S skal investere for mange millionar i løpet av året. Eit tiltak som er nødvendig for å møte ein aukande konkurranse i møbelbransjen. Vi er sjølv sagt glade for at Stompa A/S valgte å satse i Angvik. I tillegg arbeider bygdefolket med fleire andre tiltak, bl.a. bygdastue. Hotell- og konferanse prosjekter er og eit spanande tiltak som mange vil få glede av. Det aller siste tiltaket er næringshage med kontorfel-

lesskap for fleire verksemder. Interesserte kan ta kontakt med Vegard Indergård for nærmere orientering.

**Næringshage** er også i ferd med å etablere seg på Batnfjordsøra i Halsgården. Her er det ledige kontorlokaler med kontorfelleskap der ein kan samarbeide om mangt innanfor kontortenester.

Her kan Jon Hals kontaktas for meir informasjon.

**Dialogmøter** har kommunestyre-medlemmene hatt med alle avdelingane, for å få ei oversikt kva for utfordringar som dei enkelte einingane har. Dette enda opp i eit møte i kommunestyret der alle innspela vart framført i samla forum. Kom-munestyret må prioritere oppgåvane i handlingsprogram og budsjettvedtak. Dette er også viktig i forhold til arbeidet med rullering av næringsplana i haust.

**Handlingsprogram** for perioden 2006 til 2009 skal vi vedta i kommunestyret den 28. juni. Her blir viktige føringer lagt på kva saker og investeringar som skal prioritast i åra som kjem.

**Spørretime** i kommunestyret er det lagt opp til i starten av kvart møte. Her er det også høve for andre utanom sjølve kommunestyremedlemmer å komme med spørsmål til ordførar om saker som innbyggjarane er oppteken av. Dette kan også skje skriftleg dersom det er ønskeleg. Meld gjerne fra til ordførar på førehand.

**Ordførartreff**. Eg blir å treffe til uformelle samtalar på ulike stader i kommunen framover. Før ferien har eg planlagt å være tilgjengeleg for ein prat i Angvik på butikken fredag 24. juni, og på Osmarka fredag 1. juli. Begge dagane mellom kl. 14.00 og 18.00. Velkommen til ein prat da. Andre stader, gjerne i samband med andre tilstellingar, møter eg gjerne opp.

Til slutt vil eg ønske dykk alle ein god og varm sommar!

*Odd Steinar Bjerkeset.*

## KUNNGJØRING AV VEDTAK FATTA I KOMUNESTYRE 24. MAI

### Gebyrer for 2005 vedrørende bevilinger til salg/skjenking av alkohol Enstemmig vedtak:

Kommunestyret fastsetter følgende bevillingsgebyr vedrørende salg/skjenking av alkohol for kalenderåret 2005:

Batnfjord Kro & Motell AS,  
6631 Batnfjordsøra kr. 3000,-

Milano To-Ni Pizza Grill,  
6631 Batnfjordsøra kr. 3000,-

Torvikbukt Varesenter AS,  
6639 Torvikbukt kr. 1507,-

Lars Sorthe AS,  
6638 Osmarka kr. 1000,-

Kremmerhuset AS,  
6637 Flemma kr. 1000,-

Åndal Lavpris AS,  
6631 Batnfjordsøra kr. 6040,-

Coop Marked Batnfjord,  
6631 Batnfjordsøra kr. 2208,-

Ica Nær Angvik,  
6636 Angvik kr. 1475,-  
Sum kr. 19230,-

De fastsatte gebyrene innbetales til kommunen innen 01.08.05 ved bruk av giroblanketter som blir tilsendt. Ved manglende betaling innen fristen blir formannskapet pålagt å trekke inn bevillingen.

### Vedtekter for Gjemnes ungdomsråd

#### Samråystes vedtak:

1. Kommunestyret registrerer med glede at Gjemnes ungdomsråd no er på plass og godkjener framlagde forslag til vedtekter for Gjemnes ungdomsråd.
2. Møtegodtgjersle for medlemene i Gjemnes ungdomsråd skal vera kr. 200,- pr møte.
3. Kommunestyret løyver kr. 10.000,- på årets budsjett til ungdomsrådet sin disposisjon. Midlane skal dekke møtegodtgjersle, kurs for medlemene og kan nyttast som tilskot i samsvar med vedtekten sin § 1 punkt e.
4. Beløpet skal belastast kto komunestyreposten og førast over til nytt tenesteområde i budsjettet

5. Som formannskapet sin representant i ungdomsrådet blir Aud Toril Gagnat valgt.

### Gjemnesstranda boligfelt - tomtepriser

#### Enstemmig vedtak:

Kommunestyret fastsetter tomtepris i Gjemnesstranda boligfelt til kr 60.000,- for tomt B, C og D og kr 40.000,- for tomt A eksklusive gebyr og avgifter.

### Søknad fra Fastlandsfinans AS om godkjenning av prosjektene

#### Knutset-Høgset og Brunneset-Kjervika som bompengeprosjekt - kommunal uttale

Fra Siri B. Engdahl, Sp, vart det satt fram slik forslag til vedtak:  
Pkt. 1,2,3 og 4 som rådmannens innstilling.

Nytt pkt. 5: Gjemnes kommune ber om ar rabatten for verdikort for liten bil økes til 50 prosent.

Nytt pkt.6: Gjemnes kommune går inn for at rabatten ved kjøp av kort for beboere på Bergsøya økes fra 25 prosent av ordinær takst til 50 prosent av ordinær takst.

Fra Mari Uhjem, SV, ble det satt fram slik forslag til vedtak:

1. Gjemnes komunestyre meiner at utvetring av riks- og stamvegane må skje Gjennom ordinære løyingar på statsbudsjettet. Prioriteringane må skje politisk på kommunalt, fylke og statleg nivå. Det er viktig at dei lokale politikarane arbeider aktivt, slik at Nordmøre og Romsdal får sin rettmessige del av veginvesteringane i forhold til folketal, veglengde og andre behov. Her må også distriktspolitiske omsyn telje med.

2. Kommunestyret meiner at det ikke er riktig at deler av befolkninga som i lengre tid har betalt bompengar skal påleggast denne økonomiske belastninga etter at veganlegget er nedbetalt. Ved nye veganlegg som avløyser ferjer eller skaffar nye vegsamband, kan bompengar nyttast til ein del av finansieringa. Ein føresetnad er at innkrevjing av bompengar opphører når anlegget er betalt. Bomstasjonen på Bergsøya må derfor fjernast når

noverande Krifast-prosjekt er nedbetalt.

Fra Ola Bjarte Orset, Sp, ble det satt fram forslag til nytt pkt. som blir nr. 7:

Gjemnes kommune forutsett at bomstasjonen på Bergsøya blir fjerna når omsøkt prosjekt er gjennomført.

Det ble først stemt over forslag satt fram av Mari Unhjem, SV.

Forslaget fikk 5 stemmer og FALT.

### **Vedtak med 11 mot 5 ( 16 voterende)**

Gjemnes kommune viser til brev fra Statens vegvesen Region midt og søknad fra Fastlandsfinans AS av 11. april 2005 angående søknad om godkjenning av prosjektene Knutset – Høgset og Brunneset – Kjervika som bompengeprosjekt og tilrår følgende:

1. Gjemnes kommune tilrår at Krifast blir ferdigstilt gjennom bygging av arbeidsavsnitt 5, Knutset – Høgset, i tråd med det mandat Statens vegvesen og Fastlandsfinans AS fikk fra berørte kommuner, fylkeskommune og Stortinget. Kommunen er inneforstått med at antatt byggeperiode er 2007 – 2008 og at Nedbetaling av prosjektet tilsvarer en bompengeperiode på ca 1,7 år.
2. Gjemnes kommune tilrår videre at parsellen Brunneset – Kjervika på riksveg 70 med antatt byggeperiode i 2008 – 2009 også kan finansieres delvis med bompenger ved at innkrevingsperioden på Krifast blir forlenget. Kommunen forutsetter at det bevilges 30 millioner kroner i statsmidler i perioden 2010 – 2015 og at Fastlandsfinans får tillatelse til å forskottere disse. Det er ønskelig at refusjon skjer i 2010.
3. Gjemnes kommune er forberedt på at det kan komme en søknad om tillatelse til å forskottere byggingen av parsellen Tingvoll – Meisingset på riksveg 70 og er i utgangspunktet positiv til at Fastlandsfinans As sender inn en slik søknad når den formelt kan behandles.
4. Dersom det ikke gis tillatelse av sentrale myndigheter til at Fastlandsfinans AS Får forskottere Tingvoll – Meisingset, er kommunen enig i at statsmidlene til Brunneset – Kjervika kan overføres til Tingvoll - Meisingset slik at Brunneset – Kjervika finansieres 100 prosent med bompenger.

## Vedtak med 12 mot 4 stemmer

5. Gjemnes kommune ber om at rabatten for verdikort for liten bil økes til 50 prosent
6. Gjemnes kommune går inn for at rabatten ved kjøp av kort for beboere på Bergsøya økes fra 25 prosent av ordinær takst til 50 prosent av ordinær takst.

## Enstemmig vedtak:

7. Gjemnes kommune forutsett at bomstasjonen på Bergsøya blir fjerna når omsøkt prosjekt er gjennoført.

## Helseberedskapsplan for Gjemnes kommune

### Enstemmig vedtak:

Kommunestyret godkjenner helseberedskapsplan for Gjemnes kommune del A og B.

## Planavdelinga

### ULOVLIG BYGGING

En har registrert at det er igangsatt flere tiltak før disse er klarert i forhold til lover og forskrifter som kommunen har ansvar for å følge opp. Dette gjelder for eksempel. Byggverk (nybygg, ombygging, påbygg, tilbygg eller riving) og terrenginngrep (for eksempel. Fyllinger, skjæringer, masseuttak, veger og dammer).

Vi må alle bidra til at ulovlig bygging ikke skjer. Ta derfor kontakt med nærings- og miljøavdelinga eller plankontoret på et tidlig stadium i planlegginga slik at aktuell saksgang og behandlingstid kan avklares.

*Vi kan kontaktes på tlf. 71291111.*

*Plansjefen*

## Driftsavdelinga

Kommunen skal i sommer asfaltere vegene i Solsida I, Flata i Indergårdsfeltet og gangvegen i Torvikbukt.

Arbeidet vil bli utført av Kolo Veidekke.

Dersom noen ønsker å benytte anledningen til å asfaltere private areal, ber vi om at dere tar kontakt med Sverre Gussiås hos Kolo Veidekke på telefon 915 10 540.

I forbindelse med Statsnetts byggingen av ny kraftlinje vil det bli en del tungtrafikk på Åndalsvegen. Vegen er med på prioritering for asfalt i sommer, men på grunn av den økte trafikkmengden en tid fremover, vil asfalteringen bli utsatt til anleggsarbeidene er ferdige.

*Avdelingsleder drift*

## Helseavdelinga

**Randi Lomsdal Strand** slutter med fotpleie i lokalene ved helsesenteret 30.juni 2005.

Det er mange som har fått stelt føttene sine hos henne de årene ho har drevet som fotterapeut, så ho vil helt sikkert bli savnet!

Vi vil takke Randi for et utmerket samarbeid i alle disse årene!

*Avdelingsleder helse*

## Kultur

### ARRANGEMENT FRAMOVER VÅREN OG SOMMAREN.

Vi prøver no å vera oppdatert med alle arrangement på kommunen sine heimesider.

For meir informasjon, sjå [www.gjemnes.kommune.no](http://www.gjemnes.kommune.no)

Alle som har arrangement dei vil gjera kjent, kontakt kultukontoret så vil vi legge dette ut på arrangementskalenderen. Adresse: [obn@gjemnes.kommune.no](mailto:obn@gjemnes.kommune.no)

## FRILUFTSLIVETS ÅR

2005 er friluftslivets år og dette har vi tenkt å markera også i Gjemnes. Gjennom eit samarbeid mellom Gjemnes idrettsråd, kulturkontoret, Nordmøre og Romsdal friluftsråd og idrettslag i kommunen blir no aksjonen "ti turmål" sett i gang.

Dette betyr at ti ulike turmål rundt om i kommunen er plukka ut og skal vera med i konkurransen om kva kommune i fylket som er best til å gå på tur. Konkurransen går ut på å få registrert så mange turgårar samla til dei 10 turmåla i perioden 1. mai til 30. september som råd.

Det blir no lagt ut nye bøker i kassene på alle turmåla som de skal skrive namna i.

Følgjande turmål er valgt ut av Gjemnes idrettsråd:

### 1. Varden på Bergsøya.

Ein lett familietur. Start på kommunevegen mellom Halset og Berge. Følg skogsvegen og vidare på sti mot Varden.

### 2. Ikornneset

Ein svært lett og fin familietur. Parker ved Meieriet og følg stien heilt ut på ytre neset der kasse med bok er sett opp.

### 3. Astadvatnet

Ein barnevenleg og lett familietur. Parker i øverste svingen i Solsida og følg "vassverksvegen" opp til vatnet der kasse med bok står på vestsida av vatnet.

### 4. Harstadfjellet

Dette er den lengste og tyngste av dei ti turane, men det er god sti. Gå same ruta som til Astadvatnet og fortsett





opp ryggen etter sti mot toppen av fjellet der kasse og bok er plassert i varden.

#### **5. Stokkåsen/Hamballåsen. (på Silsetfjellet)**

Ein lett familietur med fleire utgangspunkt og lengder. Start gjerne frå Indergårdsetra og stikk innom på Hamballåsen der den gamle stua no er under restaurering.

#### **6. Orsetsetra**

Dette er også ein lett familietur med fleire startpunkt og løypevalg. Kasse med bok er ved eit av dei gamle seterhusa.

#### **7. Nøssa**

##### **(mellan Torvikbukt og Ranheim)**

Ein litt lengre familietur som godt kan takast som ei forlenging av turen til Orsetsetra. Kasse og bok i varden.

#### **8. Stortolla i Osmarka.**

Ein kjent turmål for mange. Start på Heggem og følg naturstien forbi Duålisetra og fram til "Stortolla"

#### **9. Flemsetervatnet**

Ein lett familietur som også er tilpassa rørsluhemma. Følg traktorvegen/skogsvegen frå Flemsetra opp til vatnet og vidare inn langs "Ole Olsens veg" der kasse med bok er sett opp.

#### **10. Randa/Skoglihammaren**

Ein lett og fin familietur som kan starte frå skogsvegen ved Skjølvik i Angvik. Følg skogsvegen og vidare på umerka sti til toppen.

For meir informasjon om dei ulike turmåla, viser vi til turguide for Gjemnes som no er å finne på kommunen sine heimesider  
[www.gjemnes.kommune.no](http://www.gjemnes.kommune.no)

#### **Premiering**

For kvar turpost blir det sett opp ein premie. Alle som har vore meir enn 10 gongar på ein turpost, blir med i trekninga om ein flott premie.

Vi vonar no at det blir ein flott sommar og haust og at store og små tek turen ut i den flotte naturen vi har i Gjemnes. Det er ikkje berre desse to turmåla som er verd eit besøk. Vi har svært mykke flott natur med utfordringar for alle.

God tur og ha ei fin sommar!

*Helsing frå  
Gjemnes idrettsråd og kulturkontoret.*

#### **SILSETVATNET RUNDT**

Søndag den 26. juni

##### **Start frå Silsethytta**

- Start utan tid – mosjonsklasser kl. 11.00 – 13.00
- Start med tid – tur og aktivklasse kl. 13.00

*Motto:* Alle til fjells, store og små, ingen igjen i bygda skal gå!

Vel møtt til ein fin dag på Silsetfjellet  
Påmelding skjer ved start

*arr: Batnfjord i.l.*

#### **FERIE-STENGT**

Biblioteket vil vere stengt fra og med mandag 11 juli til og med torsdag 28. juli.

Ber om at de leverer "gamle" lån før ferien, så sparer de meg for purrerebid og portoutgifter!

Vil ønske alle lånarar ein god sommar, og vel møtt til mange nye leseopplevingar etter ferien, **MANDAG 1. AUGUST!**

*Helsing bibliotekaren,  
Kjellrun Solenes*

#### **Lag og foreninger**

#### **UTLEIEBOLIG I GJEMNES**

**2-roms leiligheter i Solsida, ledig straks eller etter avtale.**

BOA: 48m2.

Husleie kr. 3.206 / 3.435.

Depositum 2 mnd. Husleie.

Søknadsskjema fåes ved henvendelse til MOBO.

*Med vennlig hilsen  
Møre og Romsdal Boligbyggelag  
Kjersti Harnes*

#### **OPPSTART AV GJEMNES HAGELAG**

Hagelaget i Gjemnes vurderer å starte opp igjen etter mange års stillstans.

Styremedlemmer i hagelaget har en del henvendelser, og det synes som om det er bruk for den slags lag i kommunen. Det er givende og sosialt å jobbe sammen, som i dugnader og tilstelninger i laget. Vi er "gamle koster" som starter opp igjen, med håp om at de yngre krefter kommer til etter hvert. Vi vil undersøke interessen for dette, ved å invitere alle til møte på "stua" på Gjemnes sjukeheim mandag 27. juni 2005 kl. 20.00.

Eli-Bri selger blomster m.m. Orientering om kompost. Mat/lodd-salg

*Gjemnes hagelag*

#### **BATNFJORD OPEN**

Sandvolleyballturneringa Batnfjord Open blir arrangert 30. juli kl. 11.00 på banen bak Batnfjord skule.

Turneringa er for mix-lag, 4 på banen (min 3), max 6 på laget.

Påmelding til Siv-Bente tlf. 98544420, Carina tlf. 48262671 eller på [www.batnfjordopen.com](http://www.batnfjordopen.com) innen 27. juli.

**Bli med!!**

## GJEMNES SV

har kommunerådsmøte tirsdag 21. juni d.å. kl. 19.30.

Møtested Torvik skole.  
Komunestylesaker.

Vi ønsker velkommen til medlemmer og andre interesserte!

Styret

**GJEMNES KRF** har kommuneråds-møte tirsdag 21.juni kl. 16.00 på kommunehuset. Kommunestylesaker. Bevertning.

Vel møtt!  
Krf-gruppa.

## SUPPORTERKLUBBENS LOTTERI

Takk til alle som kjøpte lodd av oss. Klubben vil også takke alle som var med og støttet oss med premier.

Hilsen  
Batnfjord supporterklubb

## SOPPKURS

Indre Gjemnes Bygdekinnelag har fått Magnar Husby fra Risken soppforeining i Molde til å komme og halde eit grunnkurs for oss.

Først vert det 3 kveldar med teori (ein kveld i veka). Når så forholda ligg til rette for det, skal vi ut i skogen og plukke sopp. Dette blir ein laurdag eller ein søndag. Vi avsluttar turen med å tilberede eit måltid av det vi har funne.

Kursavgift blir kr. 400,- for medlemmar av Risken, og kr. 500 for andre.

Kurset tek til mandag 22. august (kl. 19.00 - 22.00) på Angvik skule.

Påmelding snarast til Indre Gjemnes Bygdekinnelag

v/Reidun Punde, tlf. 712 92789, eller Britt Bugge, tlf. 712 92782, eller direkte til Magnar Husby, tlf. 712 65854.

*Indre Gjemnes Bygdekinnelag*

## ST.HANS-FEIRING I BATNFJORDEN

Torsdag 23. juni kl. 19.00 inviterer Batnfjord bygdalag til tradisjonell St.Hans-feiring på idrettsplassen. Det vil som vanlig bli bålbrann og vi vil sørge for å ha grillen klar for de som ønsker å grille medbrakt mat. Vi vil også selge rømmegrøt, saft og kaffe.

Videre blir det lagt opp til forskjellige aktiviteter som volleyball, hesteskokasting og sekkeløp. Dessuten blir det loddsgang med flotte premier. Så møt opp til en trivelig feiring!

*Batnfjord bygdalag*

## FLEMSTUBBEN

### SØNDAG 28. AUGUST 2005

Flemma il arrangerer Flemstuppen søndag 28. august. Løpet er 10 km, og har trimklasse uten tidtaking (start fra kl. 12.00) samt tur- og aktivklasse (start kl. 14.00). Vi har også et kort-løp (1,5 km) for de yngste fra 12 år og oppover, start kl 13.00.

Vanlig premiering i aktivklasser + trekking av premier i de andre klassene. I alle klasser deles det ut medaljer etter 3, 5 og 7 år, vaser etter 10, 15 og 20 år osv.

**Påmelding/nærmere opplysninger:**  
**Per Kåre Gagnat, tlf 71 21 17 09,**  
**mob. 970 65420,**

e-post [pkgagnat@online.no](mailto:pkgagnat@online.no)

Opplysninger om Flemstuppen finnes på internett  
<http://home.online.no/~pkgagnat/flemstuppen>

## BARNAS DAG

Nessabukta, Eide 2. juli 2005.

Kl. 11.00 Offisiell åpning av barnas dag

Kl. 12.00 Klovnene Knerten underholder.

Ballongfigurer til barna

Kl. 15.00 Slutt

Fri tilgang til mange morsomme aktiviteter.

Kiosk: sal av pølse, brus, kaffe

## Pris kr. 100 pr. barn

Bill. kan forhåndsbestilles på tlf. 92218310 eller 99249983.

*Arr. Visnesgrenda bygdalag*

## Kirke

## KIRKEGÅRDER OG GRAVSTED

Vedlikeholdsarbeidet på kirkegårder og gravsted i kommunen er godt igang.

I hovedsak gjelder dette grasslatten, men det er også planer om få utbedret en del grusganger. I år vil grusgangene på Flemma gravsted og Gjemnes kirkegård bli prioritert. Gravkapellet i Flemma skal males.

Ellers kan det nevnes at det av økonomiske grunner blir noe redusert grasslått på sensommeren når kirketjeneren tar ferie.

## OPPRETTING ØRE KIRKEGÅRD

Det er planlagt opprettning av kirkegården på Øre.

Gravminnene er i dag plassert midt på gravene og det er svært uryddig med gravminner som snur i ulike retninger innen samme gravfelt. Opprettningen medfører at alle gravminner må flyttes ca. en meter og mange må snus. Festere vil bli kontaktet om disse planene.

Aud Toril Gagnat  
Kirkeverge

Redaksjonen i  
Gjemnes-Nytt  
ønsker alle sine  
lesere en  
**RIKTIG GOD  
SOMMER!**

# Kirke

## Gudstenester i friluftslivets år.

Vi viser til lista over gudstenester for sommaren og vil samtidig slå eit slag for friluftslivets år. Etter gudstenesta og grauten på Svanavollen 31.juli, kan dei som vil bli med på tur til posten ved Flemsetervatnet.

Etter gudstenesta i Øre 14.august blir det tur til Orsetsetra og Nøssa, der vi finn to av dei ti postane. Vel møtt til gudsteneste og friluftsliv!

### Soknerådsvalet.

I Gjemnes og Øre kyrkjedalar blir det val av nye sokneråd til hausten. Vi oppmodar alle medlemer i kyrkja til å vere med og gje si stemme til nye sokneråd!

### Datoar for valet:

I Gjemnes etter gudstenesta 9.oktober.

I Øre etter gudstenesta 23.oktober.

### Vallister:

Dersom ein ønskjer å stille eigne lister til valet, må desse vere innlevert til Kyrkjekontoret innan 1.september.

Kyrkjeleg manntal: Manntalslister vil vere lagt ut på Kyrkjekontoret fra 1.september. Ein kan undersøkje eige medlemskap ved å møte opp på kontoret eller ringe.

### Forhåndsrøysting:

Dei som trur dei ikkje kan møte på valdagen, blir oppmoda om å stemme på Kyrkjekontoret på forhånd – sjå nærmere kunngjering.

### Konfirmantinnskriving.

Dei som er potensielle konfirmantar frå hausten av har no fått orientering om konfirmasjonen og konfirmanttida. Innskrivinga er i gang.

### Kyrkjebileum.

I haust er det 140 år sidan Øre kyrkje vart innvigd og teken i bruk. Jubileet blir mar-

kert med konsert med Tingvoll kyrkjekor laurdag 1.oktober og jubileumsgudsteneste etter eldre ordning søndag 2 oktober. Merk dagane allereide no!

### Ny dåpsopplæringsmedarbeidar.

Etter mange års teneste som medarbeidar i dåpsopplæringa i kyrkjelydane våre, sluttar Kari Sødal no til sommaren. Vi rettar ein stor takk til henne for vel utført arbeid! Dermed treng vi ein annan person som kan gå inn i ei lita stilling:

### Ledig stilling.

Gjemnes kyrkjelege fellesråd søker etter medarbeidar i dåps- og trus-opplæring. Vedkomande skal administrere utdelinga av materiell i dei ulike fasane, legge til rette for ein årleg leir for 5-klassingar, legge til rette for KRIK 11 og evt. vere med i avgrensa formidling for born.

Eit positivt syn på kristen opplæring for born blir lagt vekt på.

Stillinga vil vere på inntil 8%.

Den tilsette vil få god innføring i kva arbeidet går ut på. Ta kontakt med kyrkjekontoret for å høre meir om eit triveleg og viktig arbeid!

Søknad til Gjemnes kyrkjelege Fellesråd, 6631 Batnfjordsøra innan 1.august.

# Gudstenester

## 26.06.2005 6.S.E.PINSE

### BERGSØY BEDEHUS KL. 11.00.

GUDSTJENESTE. Dahle. Takkoffer til bedehuset.

## 03.07.2005 7.S.E.PINSE

### GJEMNES KIRKE KL.11.00

HØYMESSE. Nattverd. Dahle.

ØRE KYRKJE KL. 20.00. GUDSTJENESTE. Dahle. Takkoffer til

Kyrkjebladet.

## 17.07.2005 9.S.E.PINSE

### ØRE KYRKJE KL. 11.00

HØGMESSE. Nattverd. Torleiv Reitan. Takkoffer til Sjømannskirken.

## 31.07.2005 11.S.E.PINSE

### SVANAVOLLEN KL. 12.00

SETERGUDSTJENESTE. Torleiv Reitan. Salg av rømmegraut m.m.

## 07.08.2005 12.S.E.PINSE

### GJEMNES KIRKE KL.11.00

GUDSTJENESTE.

## 14.08.2005 13.S.E.PINSE

### ØRE KYRKJE KL. 11.00

HØGMESSE. Nattverd. Dahle. Takkoffer til Normisjon.

## 21.08.2005 14.S.E.PINSE

### OSMARKA KAPELL KL. 11.00

HØGMESSE. Nattverd. Dahle. Takkoffer til Evangeliesenteret.

## 28.08.2005 15.S.E.PINSE

### GJEMNES KIRKE KL. 11.00

HØYMESSE. Nattverd.

## 04.09.2005 16.S.E.PINSE

### ØRE KYRKJE KL. 11.00

GUDSTJENESTE. Dahle. Konfirmantpresentasjon. 50års-konfirmantjubileum. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.

## 11.09.2005 17.S.E.PINSE

### GJEMNES KIRKE KL. 11.00

GUDSTJENESTE. Dahle. 50 og 60års-konfirmantjubileum.

## 18.09.2005 18.S.E.PINSE

### ØRE KYRKJE KL.11.00

FAMILIEGUDSTJENESTE.

Dahle. Hausstakkefest. 4-åringane får kyrkjebok. Takkoffer til Barnegospelkoret.



**GJEMNES  
KOMMUNE**

6631 BATNFJORDSØRA

Ordfører tlf.: .....71 29 11 01  
Mobil: .....91 53 27 72

Rådmann tlf.: .....71 29 11 02  
Mobil: .....90 04 32 10

Sentraladministrasjon  
Sentralbord: .....71 29 11 11  
Fax: .....71 29 11 99

E-post: post@gjemnes.kommune.no

### Kontortid:

15. mai - 14. sept .....kl. 08.00 - 15.30  
15. sept. - 14. mai .....kl. 08.00 - 16.00

### Avdelinger

Sosialavdelinga: .....71 29 11 60  
Pleie- og omsorgsavd:.....71 29 11 60

### Helseavdelinga

- Legesenteret: .....71 29 02 00

- Helsestasjonen:.....71 29 11 86

- Fysioterapitjenesta: .....71 29 11 88

Nærings-/miljøavd:.....71 29 11 11

Kulturavdelinga: .....71 29 11 11

Driftsavdelinga:.....71 29 11 11

Skole/barnehagar:.....71 29 11 11

### Nødtelefoner:

Brann .....110

Lensmann: .....112

Lege: .....113

Legevakt (etter kl. 16.0) .....71 29 12 22

### Skoler

Gjemnes skole: .....71 29 47 50

Batnfjord skole: .....71 29 11 40

Torvik skole: .....71 29 47 02

Angvik skole: .....71 29 26 27

### Barnehager

Solsida barnehage: .....71 29 04 07

Angvik barnehage: .....71 29 26 33

Heggem barnehage: .....71 29 41 58

Bergsøy barnehage: .....71 29 32 20